



Kjell Farestveit  
Modalen 1069  
5729 MODALEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/1533 - 19/17288

Saksbehandlar:  
Ingrid Bjørge Pedersen  
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:  
04.06.2019

## Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 133/63 Soltveit søndre

Tiltak:  
Byggjestad: Gbnr: 133/63  
Tiltakshavar:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 22.05.2019.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Nabovarsel i frå tilgrensande naboar og eventuelle gjebruarar som kan ha interesse av, eller vert råka av tiltaket. I nabovarselet må det gå fram at det tiltaket krev dispensasjon og kva det vert søkt om dispensasjon frå, vedlagt følgjer naboliste.
2. Vi ber om eit arealrekneskap for eigedomen. Denne skal innehalde informasjon om storleik på fritidsbustad per i dag og som følgje av tiltaket og utnyttingsgrad på eigedomen der omsøkte tiltak er rekna med.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **01.07.2019**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

### Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.



**Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

naboliste13363

**Mottakarar:**

Kjell Farestveit

Modalen 1069

5729

MODALEN